


Grunnleggjande omsyn for tildeling av fylkeskommunale tilskot til kulturføremål

1. Regional plan for kultur 2019 – 2027 sine prioriteringar skal ligge til grunn

Ved tildeling av kulturmiddlar skal ein vurdere om tiltaket som søker midlar vil bidra til å oppnå målsettingane i regional plan for kultur.

Overordna mål: Kultur for alle



2. Organisasjonen / tiltaket skal ha ei tydeleg grunngjeving innanfor kultur- og idrettsfeltet

Søkjrarar og tiltak som får stønad skal ha kultur som primærføremål.

Det vert vidare lagt vekt på i kva grad tiltaket:

- oppfyller satsingane og prioriteringane i Kulturstrategien
- bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket
- har verdi for større delar av fylket
- er nyskapande, og kan ha verdi som pilotprosjekt
- koplar saman aktørar og stimulerer til samarbeid på tvers
- bygger kunnskap og har overføringsverdi til andre

3. Organisasjonen / tiltaket skal ha regionalt nedslagsfelt og regional tyding

Kommunane har ansvar for å sikre eit variert og mangfoldig kulturliv i sin kommune jf. kulturlova. Fylkeskommunen skal ikkje engasjere seg i reine lokale tiltak, men ha oversikt over kulturtilbodet i regionen og sikre at det finns meir spesialisert kulturtilbod innan ein viss reiseavstand for alle innbyggjarane i fylket.

Fylkeskommunen si utviklarrolle skal ligge til grunn for tilskot.

Det regionale omgrepet vert definert ut i frå:

1. **Geografisk** nedslagsfelt og verkeområde.

Tiltaket har tyding for eit større geografisk område enn ein kommune.

Tiltaket vert gjennomført i, eller har deltaking frå, meir enn ein kommune. Dette kan gjelde både deltakarar, arrangørar eller publikum.

2. **Funksjonen** må vere regional. Tiltak vert vurdert utifrå storleik, fagleg tyngde, kvalitet, sær preg og oppdrag. Fagleg kvalitet og omfang av nyskaping kan vise ei regional rolle, det same kan smalare tilbod og meir eksklusive funksjonar og spisskompetanse.

Det ligg alltid ei samla vurdering til grunn der geografi og funksjon vert sett i samanheng.

Det er ein fordel for søkeren at det er eit samarbeid om finansiering mellom t.d. stat, kommune og private for å bidra til ein betre finansiering.

Fylkeskommunen vil berre unntaksvis løyve midlar til tiltak som ikkje har kommunal medfinansiering.

4. Kvalitet, relevans og gjennomføringsevne

Det er eit vilkår for tildeling at søkeren viser føresetnader for å gjennomføre mål og planar som ligg føre, samt at tilstrekkeleg kvalitet og relevans er til stades.

- Økonomisk gjennomføringsevne og realisme i prosjektet vert vurdert.
- Kvalitativt nivå på prosjektet og søkeren vert vurdert.
- Profesjonelle aktørar og miljø som t.d. kulturinstitusjonar har (høge) krav til fagleg tyngd og kvalitet. Dette inkluderer også regionleddet i frivillig sektor.
- For frivillig sektor (amatørar) vert det lagt meir vekt på i kva grad tildelinga skapar aktivitet, deltaking og engasjement og om det skapar eit levande og allsidig kulturliv i regionen.

Fylkeskommunen fullfinansierer ikkje prosjekt, det vert venta at andre bidreg. Fylkeskommunalt tilskot er på inntil 1/3 av budsjett. Samla offentleg finansiering kan ikkje overstige 50 %.

Det er ei føremon at vertskommune gir tilskot. Fylkeskommunen vil vurdere tilskot på same storleik som kommunen. Søkeren skal vere fullfinansiert.

5. Andre relevante omsyn

Det vert også lagt vekt på fordeling i høve til geografi og sjanger. All tilskotsforvaltning er ei samla vurdering av alle føresetnader og målsettingar.

Kva kan ikkje få tilskot?

Det er viktig å vere føreseieleg også i avgrensingar for kva som kan få tilskot.

Fylkesdirektøren avgrensar tilskotsordningane til å ikkje gjelde:

- Kommunale tiltak, reine kommunale tiltak der kommunen søker, finansierer og gjennomfører.
- Fylkeskommunale tiltak.
- Nasjonale tiltak. Dette gjeld også tiltak som vert arrangert i fylket, av lokal arrangør, med initiativ frå stat, nasjonale organisasjonar og arrangørar.
- Tiltak som går føre seg i berre ein kommune og omfattar deltakarar berre frå ein kommune.
- Tiltak som har eit avgrensa regionalt nedslagsfelt, det er ikkje nok at alle publikum som vil kan kome.
- Jubileumsmarkeringar vert sett på som ein del av drifta av organisasjonar og må dekkast innanfor vanleg driftstilskot.
- Deltaking på kurs, seminar og utdanning. Leirskule vert ikkje dekka.
- Det vert ikkje gitt tilskot til utgjeving / publisering av litteratur, film og musikk. Dette vert føreset finansiert gjennom sal av produktet.
- Utgifter til næringsetableringar innan kulturnæringane, t.d. personleg produksjonsutstyr, som lydutstyr, kamera, pc og liknande. Vi viser her til Innovasjon Norge sine stønadsordningar og kommunale næringsfond.
- kommersielle tiltak / kultur/næringsaktivitet vert ikkje støtta.
- interesseorganisasjonar (t.d. politiske- og helseorganisasjonar) vert ikkje støtta.